



Bøsseberarane

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/1006 - 19/14182

Saksbehandlar:  
Stine Pedersen Sylta  
stine.pedersen.sylta@radoy.kommune.no

Dato:  
04.10.2019

## Informasjon til bøsseberarane for TV-aksjonen 20.oktober 2019

**Takk for at du har tatt på deg å vera bøsseberar på denne nasjonale dugnaden for fellesskapet.**

TV-aksjonen 2019 går til Care som jobbar for å skape eit betre liv for kvinner i nokon av verdas mest sårbare områder. Saman gjer me 400 000 kvinner moglegheit til å tena sine egne pengar, bestemma over eigen kropp og få stemma si hørt.

*Aksjonskomiteen for kommunen sin innsamlingsaksjon har i år vore sett saman av: Jostein Borlaug (leiar), Tore Villanger, Ludvig Grindheim, May Britt Gjerde, Torill Helland og Britt Jorunn Nesse (ansvarleg).*

### Hugseliste:

**1. Få tak i bøssa:** Du må anten henta bøssa sjølv på rådhuset, eller du avtalar med rodeleiaren din om å få materiellet heim. Me ønskjer at flest mogleg hentar og kvitterer ut materiellet sjølv. Dette kan gjerast **på rådhuset torsdag 17. oktober kl. 14.00 - 15.30 eller fredag 18. oktober kl. 12.00-16.30.**

**2. Sjølve innsamlinga:** Søndag 20. oktober kl. 15.00 er det felles start for bøsseberarar. Det er viktig at du besøker alle husstandane på ruta di (sjølv sagt berre om tida strekk til). Hugs å vera legitimert med ID-kort godt synleg på ytterkleda. Dersom folk ikkje er heime, legg meldingslapp om at du har vore der **i postkassen**. Lappane vert utdelt saman med bøssene. Ungdom under 18 år, skal ikkje gå åleine med bøssa.

**3. Innlevering av bøssa:** For dei som går på Manger må bøssene leverast på **rådhuset** søndag 20. oktober **mellom kl. 17.00 og 18.00 (seinast 18.00)**. For dei andre står det informasjon på **vedlagte liste om kvar og til kven du skal levera bøssa**. Det er viktig at du sjekkar at innleveringa di er registrert av rodeleiar eller av den som tek i mot på rådhuset.

**4. Har du spørsmål?** Kontakt rodeleiaren din.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
leiar kultur- og sørvistorget

Stine Pedersen Sylta  
konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Bøsseberarane